



MØTEINNKALLING LEVEKÅRSUTVALET

Møtedato: 18.11.2019
Møtested: Heradsstyresalen, Dale
Møtetid: 09:00 - 11:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

Orientering:
Fast orientering frå rådmannen

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
18/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
19/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
19/2019.1	Høring av NOU 2019: 14 Tvangsbegrensingsloven - Forslag til felles regler om tvang og inngrep uten samtykke i helse- og omsorgstjenesten
19/2019.2	Klagerett på avgjerder om helse- og omsorgstenester
19/2019.3	Økonomisk årsrapport for Voss og omegn interkommunal legevakt 2018
20/2019	PRESENTASJON AV TENESTEOMRÅDA OPPVEKST OG HELSE OG OMSORG
21/2019	POLITISK STYRINGSYSTEM OG DELEGERINGSREGLEMENT LEVEKÅRSUTVALET

8. november 2019

Ivar Rødland Bergo
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2019	Levekårsutvalet	PS	18.11.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	19/758

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2019	Levekårsutvalet	PS	18.11.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	19/758

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
19/2019.1	Høring av NOU 2019: 14 Tvangsbegrensningsloven - Forslag til felles regler om tvang og inngrep uten samtykke i helse- og omsorgstjenesten
19/2019.2	Klagerett på avgjerder om helse- og omsorgstenester
19/2019.3	Økonomisk årsrapport for Voss og omegn interkommunal legevakt 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Deres ref

Vår ref

Dato

19/2594- Marianne Sælen

20. juni 2019

Høring av NOU 2019: 14 Tvangsbegrensningsloven - Forslag til felles regler om tvang og inngrep uten samtykke i helse- og omsorgstjenesten

Helse- og omsorgsdepartementet sender på høring NOU 2019: 14 Tvangsbegrensningsloven – Forslag til felles regler om tvang og inngrep uten samtykke i helse- og omsorgstjenesten.

Høringsuttalelsene kan leveres digitalt på denne siden: regjeringen.no

Alle kan avgi høringsuttalelser.

Vi ber høringsinstansene vurdere om høringen bør sendes til underliggende etater eller virksomheter, tilknyttede virksomheter, medlemmer e.l.

Uttalelser er som hovedregel offentlige etter offentlighetsloven, og vil bli publisert.

Høringsfristen er **mandag 16. desember 2019**.

Med hilsen

Kari Sønnerland (e.f.)
ekspedisjonssjef

Geir Helgeland
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo
postmottak@hod.dep.no

Kontoradresse
Teatergt. 9
www.hod.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
983 887 406

Avdeling
Helserettsavdelingen

Saksbehandler
Marianne Sælen
22 24 84 92

Fra: Postmottak HOD <postmottak@hod.dep.no>
Sendt: torsdag 20. juni 2019 12:50
Emne: Høring av NOU 2019: 14 Tvangsbegrensingsloven - Forslag til felles regler om tvang og inngrep uten samtykke i helse- og omsorgstjenesten
Vedlegg: Høringsbrev tvangsbegrensingsloven.pdf; NOU 2019 14.pdf; Høringsinstanser tvangsb.pdf

Høring av NOU 2019: 14 Tvangsbegrensingsloven - Forslag til felles regler om tvang og inngrep uten samtykke i helse- og omsorgstjenesten finner du på regjeringen.no.

Høringsfrist 16. desember 2019.

Departementet ber om at høringsuttalelser blir gitt digitalt via horingen som du finner her.

Denne meldingen er sendt til:

- Se egen liste

Adressatene bes videresende til underliggende etater, avdelinger el underforeninger iflg liste over høringsinstanser.

Med vennlig hilsen
Helse- og omsorgsdepartementet
postmottak@hod.dep.no

[Vestland](#) > [Helse, omsorg og sosialtjenester](#) > [Omsorgstjenester](#) > Klagerett på avgjerder om helse- og omsorgstenester

Klagerett på avgjerder om helse- og omsorgstenester

Dei næraste pårørande har, som regel, ikkje klagerett på vegne av vaksne som manglar samtykkekompetanse. For dei som manglar samtykkekompetanse må det oppnemnst verje, dersom vedkommande sjølv ikkje kan gi gyldig fullmakt.

Publisert 11.07.2019, Sist endret 18.07.2019



Det har Helse- og omsorgsdepartementet avklara i ei uttale.

Tenestene har ei plikt til å rettleie

Det er pasienten eller brukaren eller representanten deira som har rett til å klage på avgjerder om rettar, etter [pasient- og brukarrettslova paragraf 7-2](#). Representant for vaksne vil vere verje eller den som har skriftleg fullmakt.

Det er viktig at helse- og omsorgstenestene rettleier dei som klagar om at pasienten og brukaren sine interesser kan ivaretakast gjennom å nytte fullmakt eller bidra til at det blir oppnemnd verje med mandat til å ta hand om personlege interesser. Dersom det er behov for å vurdere eitt vedtak på nytt, før verje er oppnemnd, har tenesta og klageinstansen høve til å gjere om vedtaket etter [forvaltningslova paragraf 35](#), blant anna når næraste pårørande ber om det.

Viktige unntak frå hovudregelen

I nokre tilfelle har næraste pårørande sjølvstendig klagerett etter regelverket. Dette gjeld til dømes tvangsvedtak om helsehjelp for pasientar utan samtykkekompetanse. Pårørande har klagerett på tvangsvedtak for personar med utviklingshemming. Også for ei rekke vedtak etter psykisk helsevernlova har næraste pårørande klagerett.

Andre reglar for tilsyn

Når det gjeld retten til å be Fylkesmannen undersøke om det er gjort pliktbrott i helse- og omsorgstenestene, har næraste pårørande til vaksne utan samtykkekompetanse, rett til å be om ei slik tilsynsvurdering, sjå [pasient- og brukarrettslova paragraf 7-4](#).

Fylkesmannen vurderer elles, uavhengig av kven klagen kjem frå, om saka er så alvorleg at vi startar tilsynssak på eige initiativ.

[Les om klage på eigenbetaling for institusjonsopphald her.](#)

[Arne Erstad](#)

Tlf: [55 57 22 23](tel:55572223) / [930 80 374](tel:93080374)

[Anne Marte Sæle](#)

Tlf: [55 57 21 76](tel:55572176)

[Lovdata: Lov om pasient- og brukerrettigheter](#)

📄 [Helse- og omsorgsdepartementet: Klagerett frå næraste pårørande](#)

Fylkesmannen i Vestland

Post- og besøksadresser til kontorstadane våre

Telefon: 57 64 30 00

E-post: fmvlpost@fylkesmannen.no

Organisasjonsnummer: 974760665

Besøksadresser til våre kontorsteder

Ansvarlig redaktør: Lars Sponheim

Nettstedansvarlig: [Maria Nesse Haugen](#)

Personvernerklæring

Har du innspill til sidene våre?

Vestland



Årsrapport for Voss og omegn interkommunal legevakt (IKL), 2018

Innleiing

Jf. vertskommuneavtalen pkt. 19.3, skal vertskommunen utarbeide årsrapport for interkommunal legevakt. Under følgjer rapport for 2018.

Bakgrunn

Voss og omegn interkommunale legevakt har som føremål å oppfylle ansvaret til kommunane om å tilby hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar gjennom legevaktteneste.

Viser til Vertskommuneavtale om Voss og omegn interkommunale legevakt:

«Voss interkommunale legevakt skal dekkja det ansvaret kommunane har etter lov av 24 juni 2011 nr 30 om helse- og omsorgstenester § 3-2 (1) nr 3 bokstav 2, med tilhøyrande føresegner i forskrift av 20.03.2015 nr. 231; Akuttforskriften. Samarbeidet er eit administrativt vertskommunesamarbeid med heimel i kommunelova § 28-1 a. Samarbeidsavtalen er inngått med heimel i kommunelova § 28-1 b.»

Viser også til Forskrift om krav til organisering av kommunal legevaktordning- Akuttmedisinforskriften §6:

«Kommunen skal tilby legevaktordning som sikrer befolkningens behov for øyeblikkelig hjelp, og må sørge for at minst en lege er tilgjengelig for legevakt hele døgnet. Legevaktordningen skal blant annet

- vurdere, gi råd og veilede ved henvendelser om øyeblikkelig hjelp
- diagnostisere og behandle akutte medisinske tilstander ved legekonsultasjoner og sykebesøk og ved behov henvise til andre tjenester i kommunen, blant annet fastlege, og eventuelt spesialisthelsetjeneste og
- yte hjelp ved ulykker og andre akutte situasjoner, blant annet rykke ut umiddelbart når det er nødvendig.»

Brukarperspektiv og aktivitetstal

Legevakta har ikkje eit verktøy der det enkelt let seg gjera å ta ut statistikk på aktivitetsdata. Det vert jobba med å få eit verktøy på plass. Aktivitetstala nedanfor er talt manuelt.

	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Ulvik						
Grøn	14	10	21	14	25	13
Gul	12	14	14	7	7	7
Raud	2		2	1	1	1
Total Ulvik	28	24	37	22	33	21





Granvin						
Grøn	17	18	30	11	19	17
Gul	10	7	14	12	9	4
Raud	5				1	1
Total Granvin	32	25	44	23	29	22

Eidfjord						
Grøn	7	28	34	17	21	27
Gul	9	11	30	21	14	15
Raud	1	1	1	1	2	2
Total Eidfjord	17	40	65	39	37	44

Voss						
Grøn	333	359	463	313	423	337
Gul	218	213	353	235	259	227
Raud	29	36	39	33	31	25
Total Voss	580	608	855	581	713	589

Vaksdal						
Grøn	68	72	78	55	91	72
Gul	65	44	40	44	44	40
Raud	7	4	11	7	9	6
Total Vaksdal	140	120	129	106	144	118

Kvam						
Grøn	14	12	12	11	18	17
Gul	11	8	16	14	9	13
Raud	5	2	2	2	5	5
Total Kvam	30	22	30	27	32	35

Totalt	827	839	1 160	798	988	829
---------------	------------	------------	--------------	------------	------------	------------



	Juli	August	September	Oktober	November	Desember	Total
Ulvik							
Grøn	23	16	10	9	8	20	183
Gul	17	9	6	5	3	11	112
Raud	4	5	1	2	0	4	23
Total Ulvik	44	30	17	16	11	35	318

Granvin							
Grøn	10	14	10	15	11	21	193
Gul	7	3	7	5	7	16	101
Raud	3	2	2	1	1	4	20
Total Granvin	20	19	19	21	19	41	314

Eidfjord							
Grøn	38	19	15	15	14	17	252
Gul	20	12	12	11	8	16	179
Raud	4	3	1	3	0	7	26
Total Eidfjord	62	34	28	29	22	40	457

Voss							
Grøn	368	280	275	263	287	433	4134
Gul	246	153	201	167	180	291	2743
Raud	25	27	31	28	18	41	363
Total Voss	639	460	507	458	485	765	7 240

Vaksdal							
Grøn	75	72	67	75	56	108	889
Gul	38	45	46	54	41	76	577
Raud	10	12	5	7	5	8	91
Total Vaksdal	123	129	118	136	102	192	1 557

Kvam							
Grøn	19	12	6	5	10	18	154
Gul	14	6	10	10	12	18	141
Raud	4	3	2	0	2	5	37
Total Kvam	37	21	18	15	24	41	332



Totalt	925	693	707	675	663	1 114	
						Sum i alt	10 218

Legevaktbil

Bruk av legevaktbil (frå juni 2018-deseember 2018)		
Voss	25	turar
Granvin	1	turar
Vaksdal	8	turar
Eidfjord		turar
Ulvik	1	turar
Sum	35	turar

Bemanning

Sjukepleiarar: Det er tilsett 25 sjukepleiarar ved legevaktssentralen/akuttmottak. Desse har spesialkompetanse.

Legar: Vaktkompetente etter akutforskrifta: 20 fastlegar og 8 vikarar.

Det er 4 vaktkompetente legar frå Kvam.

At ein lege ikkje er vaktkompetent vil seie at legen ikkje kan arbeida sjølvstendig på vakt, men må arbeida saman med ein vaktkompetent lege. Legen kan heller ikkje arbeida åleine på natt.

Legen må då ha vaktkompetent lege som bakvakt og som kan rykkja ut.

Tal ikkje-vaktkompetente legar: 9 (5 turnuslegar+ 3 faste legar + 1 vikar)

Økonomi

Rekneskapsrapport for 2018 (frå og med 1. januar 2018 tom 31. desember 2018)

		Rekneskap 18	Budsjett 18	Avvik (+=mindreforbruk og -= meirforbruk)
3125	Administrasjon Legevakt			
10	Lønn	1 102 570	1 223 424	120 854
11	Utgifter til drift (medikament, kontor, tlf. osv)	158 997	150 000	-8 997
12	Andre driftsutgifter	7 838	15 000	7 162
17	Statstilskudd (Helfo).	-15 560	0	15 560
	Sum	1 253 845	1 388 424	134 579
	Refusjon frå kommunane	-892 489	-1 013 663	-121 174



3130	Legevakt Natt			
10	Lønn	4 069 717	3 778 000	-291 717
11	Utgifter til drift (medikament, kontor, tlf. osv)	222 923	267 400	44 477
12	Andre driftsutgifter	77 088	12 000	-65 088
13	Kjøp frå sjukehuset.	2 785 426	2 729 700	-55 726
15	Gebyrer	389	0	-389
16	Eigenbetaling.	-390 642	-430 000	-39 358
17	Statstilskudd (Helfo).	-836 576	-552 000	284 576
	Sum	5 928 325	5 805 100	-123 225
	Refusjon frå kommunane	-3 200 345	-3 100 000	100 345

3135	Legevakt Kveld og helg			
10	Lønn	8 681 086	7 806 000	-875 086
11	Utgifter til drift (medikament, kontor, tlf. osv)	1 068 420	697 600	-370 820
12	Andre driftsutgifter	297 310	154 000	-143 310
13	Kjøp frå sjukehuset.	6 472 493	6 369 300	-103 193
15	Gebyrer	1 956	0	-1 956
16	Eigenbetaling.	-936 223	-730 000	206 223
17	Statstilskudd (Helfo).	-1 850 221	-1 285 000	565 221
	Sum	13 734 821	13 011 900	-722 921
	Refusjon frå kommunane	-5 688 548	-5 700 000	-11 452
	Sum utan refusjon	20 916 991	20 205 424	-711 567

Avvik med negativt forteikn er mindreforbruk, og avvik med positiv forteikn er meirforbruk.


Analyse

Dei største avvika totalt sett ligg på løn. Forbruket på legevakt godtgjersle var 1,2 millionar kr høgare enn budsjettert, noko som er eit meirforbruk på omtrent 14%. Meirforbruk innan driftsutgifter er i hovudsak utgifter til årslisensar, kurs og medikament. Inntektene frå brukarbetaling har vore høgare enn budsjettert, og det har komen inn meir statstilskot i 2018 enn det som var forventa. Summen av dette utgjer eit meirforbruk i høve budsjett på omtrent 700.000 kr. Dette er ein reduksjon i meirforbruket i høve årsrapport 2017, der meirforbruket låg på 2 millionar kr.



Utgifter

Dei totale utgiftene for den interkommunale legevakta utgjør nesten 25 mill. kr i 2018. Dette er omtrent 2 mill. kr høgare enn i 2017, og er stort sett på grunn av auke i lønsutgifter.



Over halvparten av dei totale utgiftene går til løn, og 7% av utgiftene går til driftsutgifter, sjå diagram ovenfor. Lønsutgiftene til legar har gått opp frå 8,6 mill. kr i 2017 til 9,9 mill. kr i 2018. Dette er ein auke på 1,3 millionar kr, som utgjør omtrent ein 13% auke frå fjoråret.

Inntekter

Kommunen får inntekter frå eigenbetaling frå enkeltpersonar og refusjon frå Staten (Helfo) for kva pasientaktivitet som er utført. Rekneskapsstal for inntekter:

Inntekter	Rekneskap 17	Rekneskap 18	Auke frå 2017
Eigenbetaling, natt	-359 631	-390 642	9 %
Refusjon Helfo, natt	-400 159	-626 873	57 %
Eigenbetaling, kveld og helg	-635 359	-936 223	47 %
Refusjon Helfo, kveld og helg	-1 440 458	-1 640 537	14 %
Sum	-2 835 607	-3 594 275	27 %

Totalt vert auken i inntekter frå eigenbetaling og refusjon på 27% frå 2017 til 2018. Dette er ein del lågare enn auken frå 2016 til 2017, på 41%.

Fordeling av utgifter mellom kommunane

Til fakturering av kommunane sine andelar har ein brukt fordelingsnøkkel som avtafestta i vertskommuneavtalen: «77 % av kostnadene for legevakt, og utgifter for legevaktsjef skal fordelast på deltakarkommunane etter ein kostnadsfordelingsnøkkel lik talet på innbyggjarar i deltakarkommunane den 1.januar i regnskapsåret dividert på talet på innbyggjarar i den interkommunale legevakta sitt nedslagsområde. 23 % vert fordelt likt på alle deltakande kommunar». Folketalet var per 01.01.2018 fordelt slik:



Kommune	Innbyggjarar pr 01.01.18	Andel kveld og helg	Andel natt	Andel legevaktssjef
Voss	14 577	67 %	48 %	35,2 %
Eidfjord	931	4 %	3 %	2,2 %
Granvin	931	4 %	3 %	2,2 %
Ulvik	1 117	5 %	4 %	2,7 %
Vaksdal	4 127	19 %	14 %	10,0 %
Kvam	8 455		28 %	20,4 %
Sum	30 138			
Jondal	1 069			2,6 %
Ullensvang	3 363			8,1 %
Odda	6 835			16,5 %
Sum alle	41 405			



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
20/2019	Levekårsutvalet	PS	18.11.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-000	19/1238

PRESENTASJON AV TENESTEOMRÅDA OPPVEKST OG HELSE OG OMSORG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet tek saka til orientering.

Saksopplysingar:

Presentasjon av tenestekområda oppvekst og helse og omsorg vert gitt av kommunalsjefane i møtet. Det vert lagt opp til dialog og spørsmål.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2019	Levekårsutvalet	PS	18.11.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FE-000	19/1238

POLITISK STYRINGSYSTEM OG DELEGERINGSREGLEMENT LEVEKÅRSUTVALET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet tek saka til orientering.

Saksopplysningar:

I dokumentet Politisk styringssystem og delegeringsreglement står følgjande om Levekårsutvalet si samansetjing, målsetjing, arbeids- og ansvarsområde og mynde:

«LEVEKÅRSUTVALET

Utvalet har 7 medlemmer med varamedlemmer. Kommunestyret vel leiar og nestleiar i utvalet.

MÅLSETJING

Innan rammene som vert lagt i dette reglementet, og i samsvar med vedtekne reglement for folkevalt verksemd elles, tek Levekårsutvalet i vare kommunestyret sitt ansvar for tenestene Vaksdal kommune gjev innan kommunen sine velferdstenester «frå vogge til grav».

Utvalet har særleg ansvar for at det vert utarbeidd gode målsetjingar, planar og andre styringsdokument for tenestene innan utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde. Under dette kvalitetsstandardar. Utvalet skal sikre kommunestyret sitt eigarskap til gode kommunale tenester og gjennom sitt arbeid sikre heilskap i kommunale tenester. Gjennom dette arbeidet, og gjennom oppfølging av administrasjonen v/rådmannen sitt arbeid, skal utvalet bidra til at dei tenestene Vaksdal kommune gjev er så gode som råd.

I dette arbeidet har utvalet ansvar for at innbyggjarar og brukarar av kommunale tenester vert involvert.

ARBEIDS - OG ANSVARSOMRÅDE.

- *Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er:*
- *Helse og omsorg (Kommunale helsetenester, omsorgstenester, sosiale oppgaver og tenester, tiltak for funksjonshemma og ruspolitikk, barnevern, flyktningetenesta m.m.)*
- *Folkehelse*
- *Oppvekst og opplæring (barnehage, grunnskule, skulefritidsordning og vaksenopplæring)*
- *Andre saker som naturleg fell innanfor utvalet sitt ansvarsområde eller som ordførar pålegg det å handsame*

Levekårsutvalet har slik mynde innan sitt arbeids- og ansvarsområde:

Levekårsutvalet tek i vare kommunestyret sin mynde innan lovverket som gjeld for utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde når det ikkje er gjort klårt i lov at kommunestyret sjølv må gjere vedtak.

Av dette følgjer:

- *Innstillingsmynde til kommunestyret i alle saker innan utvalet sitt ansvars- og arbeidsområde. I saker som krev endringar i budsjetttrammene er det naudsynt at også formannskapet (som er økonomiutval) handsamar sakene før dei går til kommunestyret.*
- *Tilsvarande skal planar under levekårsutvalet sitt ansvarsområde også bli lagt fram for formannskapet (som planutval) før saka blir lagt endeleg fram for kommunestyret.*
- *Avgjerdsmynde i prinsipielle saker – saker som skaper presedens for andre saker.*
- *Avgjerdsmynde i alle saker innan sitt arbeids- og ansvarsområde når sakene ikkje er av særleg overordna karakter, krev kommunestyrevedtak pga. lov eller krev auka løyvingar i budsjett og/eller økonomiplan.*
- *Avgjerdsmynde i alle saker som ikkje er delegert til rådmannen.*

Vedtak i utvalet kan leggjast fram for kommunestyret til vurdering dersom eit mindretall av forsamlinga krev det. Slikt krav må setjast fram før møtet er slutt.

Leiaren kan elles krevja slike saker lagde fram for kommunestyret dersom han finn at vedtaket strir mot gjeldande vedtak gjort av overordna organ, eller av andre særlege grunnar.

Rapportering: Protokollar frå levekårsutvalet vert refererte for kommunestyret. Det vert elles synt til vedteke reglement for utvalet»

Det vert i møte lagt til rette for drøftingar for forståing av delegasjonen og arbeidsform i Levekårsutvalet